

# BÅTLAGET NJORD / TYSNES

<http://www.sigling.no/>

Båtlaget Njord/ Tysnes har gleda av å innby til

# Sumarregatta 2019

Laurdag 22. juni- 1. varselsignal: kl. 12:00

Sundag 23. juni- 1. varselsignal kl. 12:00



**Reglar:** Regattaen vil vera underlagt ISAF's kappseglingsreglar 2017-2020 og seglingvedtektene, som vert tilgjengeleg i god tid før siglasen.

**Påmelding:** **Påmeldingsfrist Onsdag 19. Juni.** Påmelding via e-post skal innehalda emneteksten "Påmelding sumarregatta BNT 2019" samt at det må koma tydeleg fram opplysningar om:  
Båtname, Seglnummer, Namn på rormann, Namn på mannskap  
Påmelding er ikkje godkjent før startkontingent er betalt. Bankkonto 35254054133 eller VIPPS 566577. Ta med kvittering dersom nettbank er nytta.

**Kontingent:** Kr. 300.- for båtar med seniorar, båtar med berre juniorar betalar kr. 100.-, jollar kr. 50 junior og kr. 100 senior. Bankkonto N/T: 3525 40 54133


**Klassar:** Regattaen er open for Oselvarar. Kretsmesterskap for Klasse K, 10 m<sup>2</sup> bermuda er inkludert i sumarregatta.

## **STRAFFESYSTEM:**

Ved brotpå ein regel i Del 2 kan ein båt fri seg ved å ta ein eintørnstraff som føreskrevet i regel 44.1 og 44.2. Dette endrer Regel 44.1.

## **POENGBEREKNING:**

Lavpoengsystemet i Appendiks A4 vil bli brukt. (a) Når fire eller færre seglasar har vorte fullført, vil ein båt sine poeng for serien vere dens totale poengsum. (b) Når fem eller fleire seglasar har vorte fullført, vil ein båt sine poeng for serien vere dens totale poengsum minus dens dårlegaste poeng, som kan strykes.



# **BÅTLAGET NJORD / TYSNES**

<http://www.sigling.no/>

## **RADIOKOMMUNIKASJON:**

Med unntak for naudsituasjonar, skal ein båt medan den kappseglar, verken senda eller motta radiomeldingar, som ikkje er tilgjengeleg for alle båtane. Denne restriksjonen gjeld også mobiltelefonar.

**Premiering:** Det er 1/3 mannskapspremiering i klassar m/ minst 2 båtar. Oselvarane tevlar og om poengpokal og Harald Dallands minnepokal. Alle tevlar om Kåre Johnsens Minnepokal i 1. start om sundagen.

**Løp:** Laurdag vert det inntil 2 løp på faste merker. Sundag vert det inntil 2 løp på faste merker. Arrangør kan la klassar sigla på bane begge dagar, talet på løp er då fritt, men ikkje meir enn 4 pr. dag.

**Reklame:** Arrangementet er i kategori **A**.

**Trygding:** Kvar deltakande båt skal vera forsikra med gyldig ansvarsforsikring.

## **Ansvarsfråseing:**

Deltakarane i regattaen deltek eine og ålone på eige ansvar. Sjå regel 4, Avgjersle om å kappsigla. Den organiserende myndigheit vil ikkje akseptera noko ansvar for skade på materiell eller person eller dødsfall i samband med stemne, verken før, under eller etter regattaen.

**Regattakontor:** er i andre etasje i Njordstø. Sjå seglingsvedtekter for opningstidspunkt. Regattakontoret er stengt 20 minutt før 1. varselsignal.